


# Pedagogisk Psykologisk rådgjevingsteneste, Nord-Gudbrandsdal

Dovre Sel Lom Skjåk Vågå Lesja



## Informasjon til skuleansvarlege, rektorar og barnehagestyrarar Nr. 5 - 2015, 02.09.2015

### Tilsette i PPT NG hausten 2015

Det er ein del endringar i tilsette i PPT NG frå hausten 2015.

Her fylgjer ein oversikt over PP-rådgjevarar som er fast tilsette eller tilsette i engasjement, og kva for team dei høyrer til:

| Barneteam   | Ungdomsteam  |
|---|--|
| Britt Knørr (teamleiar skuleåret 2015-2016)                 | Annette Garden Sveen (teamleiar skuleåret 2015-2016)   |
| Hedviga Sandorova Sveine                                    | Merete Dagsgard (delvis sjukmeldt)                     |
| Suna Aukrust  | Ina Kristin Aas Sandvoll                               |
| Aud Hytten  | Torill Sperre (vikariat)                               |
| Eva Haldis Tessneset  | Ragnhild Grindstuen (50% vikariat skuleåret 2015-2016) |
| Lars Petter Brennhagen (vikariat skuleåret 2015-2016)       |  |
| Viktorija Luksiene (permisjon frå 20.11.2015)               |  |
| Therese Holshagen Hansen (50% vikariat, for tida sjukmeldt) |  |

Ein del tilsette har mellom anna omsorgspermisjon for born, og har noko redusert stilling.

### Andre tilsette pr dd:

Hilde Engvik Lusæter - leiar

Ine Skjørten Wilson - psykolog (60%)

Anne-Gina Holen - logoped (15%)

Aud Byrbotten - merkantil

Bodil Uhlen Odnos - merkantil (20%)

### Samling for lærarar i fyrste og andre klasse og for førskule lærarar i barnehagane

Torsdag 10.09.15 kl 9.00 i Otta kulturhus.

Sjå invitasjon.

**NB!** Kvar enkelt betaler **kr 100,-** ved ankomst for servering. Dette vart det dessverre feilinformert om tidlegare.

Det er laga eit godt og praktisk program, der barnehagar og skular som høyrer saman regionalt også får tid til å arbeide konkret med korleis ein legg opp førskule- og fyrsteklasseopplæringa saman.

**PPT NG ber om at alle skular og barnehagar vert representert, slik at vi for drøfting og rettleiing seinare kan ta utgangspunkt i at denne dagens innhald er kjend.**

Når PPT NG kjem på PPT-dagar i barnehagane, er det naturleg at oppfølging av denne dagen vert tema.

Det same gjeld PPT-dagar i skulane, der vi i løpet av dette skuleåret ynskjer ei avtale med lærarar i fyrste klasse og skulens leserettleiar, for å høyre status i lese- skriveopplæringa.

**Informasjon om PPT på fleire språk**

Utdanningsdirektoratet har oversett informasjon om kva PPT er til mange språk. Her er link til den informasjonen, dersom nokon treng det overfor foreldre i skuler og barnehagar.

<http://www.udir.no/Regelverk/tidlig-innsats/Skole/Oversikt-over-aktorene/PP-tjenesten/>

**Når skal PPT koplust inn i forhold til framandspråklege?**

PPT NG ynskjer å minne om at PPT skal nyttast i forhold til dei borna med framandspråkleg bakgrunn, som har tilleggsvanskar ut over at dei kjem til eit nytt og anna land med anna kultur og språk.

Skulane og barnehagane skal i fyrste omgang nytte kommunens flyktingteneste til spørsmål og avklaringar kring born og unge med denne bakgrunn. For alle barn og unge med anna språkbakgrunn enn norsk kan TOSP vere eit nyttig kartleggingsverktøy for 1 - 10. trinn. TOSP gjev informasjon kring ord- og omgrepsrikdom, ordgjenkjenning, ting som høyrer saman, lesehastigheit og leseforståing.

Meir om TOSP på heimesida til lesesenteret, Universitetet i

Stavanger: <http://lesesenteret.uis.no/article.php?s=14021&articleID=87149&categoryID=14021>

**PPT- dagar hausten 2015**

Liste over PPT-dagar hausten 2015 ligg ved denne info'en.

Tilsette i PPT NG vil sjølve gjere avtaler om arbeidsdagar rundt på skulane, der PP-rådgjevarane er til disposisjon om skulen har ynskjer og behov for det. Dette vert ikkje sett opp i ein eiga plan, men kvar PP-rådgjevar gjer sjølve avtaler med skulane.

Meir om tema for møta fyrst på dagen og om opplegget for PPT-dagane vert sendt ut neste veke, etter møte i 6K oppvekst.

Datoar for PPT-dagar i barnehagane vert sendt ut innan 1.10.2015.

**Logopedoppløving skuleåret 2015- 2016**

Viktorija Luksiene går ut i svangerskapspermisjon 20.11.2015. Det kom ingen søkjar med logopedbakgrunn til dei utlyste stillingane.

Vi har arbeid grundig med å prioritere den tida som er att før Viktorijas permisjon trer i kraft. Arbeidet vert lagt opp slik:

- Fast reiserute over ein to-vekers plan der dei barna som treng trening mest og der rettleiing av tilsette er viktig prioriterast. Nokre barn får oppfølging kvar veke. Konsultasjonsbehov kring artikulasjon knytast til reiseruta hennar.
- Viktorija deltek ikkje på PPT-dagar eller på ansvarsgruppemøte. Med det forhindrar vi avlysing av logopedtimar.
- Utarbeiding av artikulasjonstrening materiell som barnehagar og småskulelærarar kan få.
- Noko felles informasjon om artikulasjonstrening og tilgjengeleg materiell vert det orientert om den 10.09.15.
- PPT NG inviterer til eit møte i kvar kommune, til ein gjennomgang av munnmotoriske øvingar og råd for artikulasjonstrening. Møteplan for dette er satt opp, og vert lagt ved dette skrivet.

Anne-Gina Holen arbeider i deltidstilling, og vil fylgje opp ein del logoped saker frå ca. 15.09.15.

For PPT NG  
Hilde Engvik Lusæter  
Leiar